



Utviklar nytt verktøy for å måle psykopati

Hilde Sander Meling

(30.08.2008) **Psykologspesialist Helge Andreas Hoff ved Kompetansesenter for sikkerhets-, fengsels-, og rettspsykiatri er med på å utvikle eit nytt kartleggingsverktøy for psykopati.**

– Dette i håp om å også kunne måle eventuelle endringar hjå personar med denne personlegdomsforstyringa. Noko som er vanskeleg med kartleggingsverktøyet PCL-R (Psychopathy Checklist-Revised) som vert brukt mest i dag. Det er nemleg ikkje sensitivt for muleg endring i personlegdom, fortel Helge Andreas Hoff ved Kompetansesenter for sikkerhets-, fengsels-, og rettspsykiatri på Haukeland Universitetssjukehus.

Førekomsten av psykopati mest sannsynleg ein prosent i normalbefolkninga og aukar jo nærare ein kjem fengsels- og sikkerhetspsykiatriske populasjonar.

Psykopati er eit omgrep som er meint for å beskrive eit sett bestemt avvikande personlegdomstrekk. Vanlege kjenneteikn er at personar med ei slik liding ved første inntrykk kan virke sympatiske, intelligente og sjarmerande, men som ved nærare kontakt viser seg å være manipulerande, løgnaktig og impulsive.

Kartlegging av psykopati er på forskingsstadiet, men fleire land er med for å sjå om ein kan utvikle eit måleverktøy som betre kan fange opp muleg endring, og gje betre forståing av psykopati enn PCL-R.

Viktig med nykunnskap

I dag kjenner ein ikkje til noko form for effektiv behandling for psykopati.

– Det meste av litteraturen på området heller også i den retninga, fortel Hoff som meiner det er viktig å stille kritiske spørsmål til allereie etablerte kartleggings- og behandlingsmetodar.

– Dersom ein ikkje gjer det, vil ein heller ikkje finne ut om andre metodar fungerer betre. Det vert også utvikla nye spesialtilpassa behandlingsprogram for innsette og pasientar med sterke psykotiske trekk. Disse er eksplisitt retta mot denne gruppa, noko som tidlegare behandlingsformer typisk ikkje var. Dersom det viser seg at CAPP ikkje er eit betre klinisk kartleggingsverktøy enn PCL-R, har ein likevel fått ny forståing av psykopati ved å tenke utanfor "boksen" av PCL-R, som mange i dag ser på som einstyndande med psykopati. Ei slik samanblanding, mellom måleinstrument



Psykologspesialist Helge Andreas Hoff ved Kompetansesenter for sikkerhets-, fengsels-, og rettspsykiatri er med på å utvikle eit nytt kartleggingsverktøy for psykopati som fokuserer på eit breiare spekter av symptom enn det tidlegare testar eller sjekklister gjer.

og omgrepet ein vil måle, meiner Hoff er svært uheldig.

Utvikla av ekspertar

Det nye verktøyet CAPP er utvikla av internasjonale ekspertar på området. CAPP er ei forkorting av allsidig kartlegging av psykopatisk personlegdom.

– Verktøyet fokuserer på eit breiare spekter av symptom på psykopati enn det tidlegare testar eller sjekklister gjer. Det er i motsetning til andre liknande sjekklister sensitiv for potensiell endring i psykopatisk personlegdomsfungering, seier Helge Andreas Hoff som oversette CAPP-IRS til norsk saman med kollegaene Geir Olsen, Torstein Gullbraa og Siri Nome i fjor.

Den første versjonen av CAPP – CAPP-IRS – ser særleg på korleis psykopatiske personlegdomsstrekk eller symptom kan vise seg i lukka institusjonar som fengsel og lukka psykiatriske avdelingar, primært sikkerhetsavdelingar. Den norske versjonen vert no undersøkt i fleire forskingsprosjekt i regi av Kompetansesenteret for sikkerhets-, fengsels-, og rettspsykiatri ved Haukeland Universitetssjukehus.

Hoff presiserer at kartleggingsverktøyet berre vert nytta i forskningssamanheng.

Blest på sikkerhetsseminar

Under årets nasjonale seminar for sikkerhets-, fengsels-, og rettspsykiatri i Bergen 3. til 5. september, skal Helge Andreas Hoff halde eit arbeidsseminar om psykopati og valdsrisikovurdering. Her håper han å gjøre CAPP meir kjent og å få opp interessa slik at fleire i Noreg går i gang med forskning på området.

Det årlige [sikkerhetsseminaret](#) vert i år arrangert av Klinikkk for sikkerhetspsykiatri ved Haukeland Universitetssjukehus.

Sist Hentet fra: <http://www.helse-bergen.no/helsepersonell/nykunnskapompsykopati.htm>

oppdatert: 27.03.2009 av Øyvind Blom